

EIVINDS «KLASSEREISE»

Eivind Sandnes (1866-1958) og hans «klassereise».

Klassereise er eit relativt nytt ord, skal me tru ordbøkene, og det blir brukt om personar som gjennom utdanning, yrke, eigedom og liknande har avansert sosialt frå eitt samfunnslag til eit anna. Slikt hendte også før i tida, og eg vil her fortelje om Eivind Sandnes frå Holmemstranda som opplevde dette. Han vart fødd i ei husmannsstue i 1866, og 70 år etterpå pensjonerte han seg som materialforvaltar i Sulitjelma. Då flytta han til Molde, og dei kjæraste tinga sine testamenterte han til Romsdalsmuseet.

Frå gardfolk til plassfolk

Det starta godt. Gardguten Erik Isaksen Ottestad f. 1817 kjøpte Indre Sandnes (bnr. 2) på Holmemstranda i 1842 og flytta dit. I 1846 gifta han seg med Mali Jørgensdotter (f. 1826) frå nabogarden Rydjord. Ho hadde velstående foreldre, og i 1840-åra bygde foreldra hennar eit nytt, moderne toetasjes hus på garden sin, truleg det første i sitt slag på Holmemstranda. Over døra inne på stua står framleis «Jørgen Olsen og Anne Knudsdatter Rygjer Aar 1847». Men for ekteparet på Indre Sandnes gjekk det ikkje så bra. Dei greidde ikkje å drive garden på ein økonomisk forsvarleg måte, og ein gong mellom 1854 og 1857 forlet dei garden og fekk seg ein husmannsplass under Rydjord hos foreldra hennar. Plassen hadde namnet Rødset alt i 1865.

«Stor Læse- og Lærelyst»

Både Erik og Mali kunne lese og skrive, dette var noko dei tok med seg til husmannsplassen. Sjølv om Erik var husmann, var han «lang tid stevnevidne i Veøy, og under lensmannens fravær var han flere gange konstituert lensmann», skriv O. Olafsen. I denne vesle stua voks det opp mange barn. Eivind var nr. 7 og nest yngst. Karakteren han fekk som konfirmant var «Særdeles vel», men som husmannsgut måtte han nok stå som nr. 2 på kyrkjegolvet. Så gjekk han to kurs på amtsskolen med tanke på å komme inn på underoffisersskolen i Trondheim, der ein eldre



Erik I. Sandnes (1817-1904) og Mali J. Sandnes f. Rydjord (1826-1904) var plassfolk på Rødset under Rydjord frå ca. 1845. Dei kunne både lese og skrive, og etterlet seg mange dyktige folk.

FOTO: RØDVEN MUSEUM/ROMSDALSMUSEETS FOTOARKIV



Eivind Sandnes og Kristianne Olsen (1874-1929) gifta seg i 1899.

FOTO: N. HELGESEN, BODØ/ROMSDALSMUSEETS FOTOARKIV



Rødset, husmannsplassen under Rydjord, bnr. 2, på Holmemstranda i Veøy, der Eivind Sandnes og søskena voks opp. Plassen hadde litt jord, og i 1865 fødte dei 1 ku og 5 sauer og sådde 5/16 tønne havre og 1 tønne potet. I 1900 hadde dei høner i tillegg. I eit brev til Eivind datert 13. august 1898 skriv mor hans at dei då hadde fått hausta kornet, men det stod igjen å grave opp poteta. På grannegarden Sandnes var det amtsskule to år på rad 1889-91. Hausten 1890 var Ole Kavlie Aarø («Oste-Kavli») elev der, og då budde han saman med to andre på Rødset. Foto 1958.

FOTO: EIGAR OLE KRISTIAN SANDNES/REPRO ASBJØRN SÆBØ

bror, Jørgen, gjekk ut i 1875 (sjå bildetekst). I attesten frå prestan Arnet frå 11. mai 1885 står det at foreldra var «Plassfolk Erik Isaksen og Mali Jørgensdr.», og at «han har nydt

en meget god Almueskoledannelse, har frekventeret Romsdals Amtsskole i 2 kurser, er udrustet med særdeles gode Aandsevner, er beskjedne i sin Fremtreden og har alltid vist

en god Opførsel.»

I attesten frå «Lærer og Kirkesanger K. Rydjord» 9. september 1885 står det at han «kan med Fornøielse meddele, at han har meget gode Ev-

ner, at han har meget stor Læse- og Lærelyst, og at han allerede har tilegnet seg adskillige gode Kundskaber.»



Eivind Sandnes var berre 26 år då han vart tilsett som materialforvaltar i Sulitjelma. 2. desember 1892 gjekk han til fotograf for å markere.

FOTO: N. HELGESEN, BODØ/ROMSDALSMUSEETS FOTOARKIV



Frå 90-årsdagen til Eivind i Parkvegen 71, Molde. Eit «hav av blomster» viser at han ikkje var gløymd. Oddlaug Dragland t.v. er vertinne. Mange minnest ho som ein litt streng lærar som mellom elevane av og til kunne bli omtala som Dragen. Eg trur ho var ei god «husholderske» for onkelen sin. Ho døydd 15. april 1991. Dama i midten er ukjent.

FOTO: BIRKELAND/ROMSDALSMUSEETS FOTOARKIV



Frå heimen i Furulund, Sulitjelma 1931. Stua har eit standsmessig interiør, og på veggjen bak måneskinslampa heng portrett av foreldra hans, Mali (delvis skjult) og Erik Sandnes. Mannen t.v. er ukjent, men det kan vere ein frå gruveselskapet. Sølvbollen som ekteparet fekk til sølvbryllaupet i 1924, står på bordet, medan «oppfostringsdotter» Oddlaug Dragland held opp sølvfatet med «Suliskongen».

Nr. 1 med hovudkarakter 1,338

Eivind kom sjølvstilt inn på underoffiserskolen i Trondheim saman med tre andre frå heimheim saman med tre andre frå Veøy, og han gjekk ut i 1888 som beste elev av vel 40.

Året etter tok han eit tilleggs-kurs i rekning, skriving, konstruksjon, bokføring m.m., og der vart han rangert som nr. 1 av 16 som tok kurset i 1889, med hovudkarakteren 1,338. Med dette dokumentet i lomma fekk han i 1891 arbeid som verksmeister ved den nystartete «Sulitelma Aktiebolags Gruber», som det heitte den gongen, og då stillinga som «materialforvalter» vart lyst ut i 1892, skaffa han seg ny vandsattest frå soknepresten i Veøy og fekk jobben.

Ekteskap og familie

Det er svært lite me veit om livet hans i Sulitjelma dei første åra. Han brevveksla med foreldra, og i Romsdalsarkivet ligg det 16 brev frå mor hans frå åra 1891-1901, men kva han skreiv attende, kjenner me ikkje til.

31. juli 1899 gifta Eivind seg med Kristianne Olsen frå Fauske, men dei fekk ikkje barn. Som ein kompensasjon



Den firearma lysestaken var ei avskjedsgåve etter 45 år.

FOTO: JOHNNY BRATSETH



Sølvbollen frå 1924 med alle namna inngravert.

FOTO: JOHNNY BRATSETH

for det, tok dei til seg Oddlaug Dragland (f. 13.10.1904) som oppfostringsdotter. Ho var søsterdotter til Kristianne Sandnes og var nr. 5 i ein stor søskenflokk. Pleieforeldra spanderte utdanning på Oddlaug, og i 1927 tok ho lærareksamen på Nesna lærarskole.

I 1929 døydd Kristianne, og etter det var Oddlaug både lærar og hushaldar for Eivind Sandnes.

Attesten frå 1912

Ved årsskiftet 1912/13 skulle overdirektør Holm Holmsen

slutte og flytte frå Sulitjelma, og Eivind bad han om ein attest. Dei hadde arbeidd saman i gruveselskapet i meir enn 20 år, og han skriv m.a. «at Herr Sandnes er en av de paaliteiligste, flittigste og mest intelligente folk jeg nogensinde har arbeidet sammen med. ... Fra karakterens side er Herr Sandnes hævet over enhver ros.»

Dette er sterke ord, men det var nok slik han vart vurdert. Til sølvbryllaupet i 1924 fekk ekteparet ei stor sølvskål der signaturane til alle funksjonærane var gravert inn, og då

han hadde vore tilsett i 40 år, slo selskapet til med eit stort sølvfat med sjølvaste «Sulis» (Suliskongen) lagt inn i farga emalje: «Fra Sulitelma Aktiebolags Gruber Til materialforvalter Eivind Sandnes 21-8-1931 med takk for dyktig og pligtoppfyllende arbeide i 40 år.»

Til han som har alt

Eivind gav seg ikkje før han var 70 år, og då hadde han vore i selskapet i 45 år. Eg vil tru leinga spekulerte på kva som var ei høveleg gåve til ein «som har alt». Valet fall på ein

firearma lysestake i sølv frå gullsmed Thune i Oslo, vekt: 1,4 kg. Under står inngravert: «Materialforvalter E. Sandnes. Takk for 45 års dyktig og trofast arbeide. Fra AS Sulitjelma gruber».

Når skulle ein enkemann på 70 år ha glede av ei slik gåve? Sanneleg om eg veit, men han var stolt av gåva, og han hugsa på staken i testamentet.

Flytta til Molde

Som pensjonist ville Eivind Sandnes «heim» til sine. Både foreldra døydd i 1904, og in-



Sølvfatet med Suliskongen i emalje.

FOTO: JOHNNY BRATSETH



Tinnfatet og kanna som Romsdalsmuseet fekk i 1960.

FOTO: JOHNNY BRATSETH

gen av hans nære slektningar budde på Holmemstranda lenger, men i Skullhagen i Rødven hadde han slekt.

I 1935 kjøpte han «Villa Øvre» i Parkvegen 71 i Molde, og saman med Oddlaug flytta han dit i 1936. Den staselege heimen i Furulund, hus nr. 65 i Sulitjelma, vart seld (sjå foto). Han hadde vorte litt «urban» etter 45 i gruvebyen. Han skaffa seg «Fremmedbok for Villa Øvre» det året han kom, og dei første åra hadde han ein del besøk.

Eg vart kjent med Oddlaug

Dragland kring 1980 fordi eg – som kasserar i Romsdal sogelag – hadde purra ho for kontingent som ho hadde betalt! Eg vart stramma opp som ein «skul-unge» som hadde gjort noko gale, men etter at denne seansen var over, var me perlevenner resten av livet hennar.

Ho visste nemleg at Romsdalsmuseet var med i Eivinds testamente, og ein dag var det kanskje ho og eg som skulle ordne opp i dette. Ho inviterte meg fleire gonger heim til seg, der me m.a. tala om denne

ordensmannen som eg ikkje kjende. Han var så nøyaktig, sa ho, at når han sa at han gjekk seg ein tur på 20 minutt, så var han ute 20 minutt, ikkje 19 eller 21!

Testamentet

Eivind Sandnes døydd i Molde 5. februar 1958, og buet gjekk til skifteretten. Det kjæraste han hadde frå foreldra på husmannsplassen, var eit stort tinnfat og ei tinnkanne, verdsett til 3000 kroner. I Romsdalsmuseets årbok 1958-1960 sette P. Solemdal inn bil-

de av gjenstandane og han uttrykte stor begeistring. Dette var «statussymbol» som foreldra nok hadde arva frå sine forfedrar – kanskje frå Rydjord, Eide, Sandnes eller Ottestad.

Frå tida si i Sulitjelma testamenterte han sølvbollen med alle namnetrekka frå 1924, sølvfatet med «Sulis» og den firearma lysestaken som han fekk då han slutta i 1936.

Klassereisa var med dette slutt, og ønsket hans vart oppfylt. Grava hans på Tøndergård gravstad er sletta, men i



Store tinnfat høvde til fine sendingskorgjer. Når det var bryllaup, kom folk med «Kringler, store og små Kager, Fladbrød, Lemser smurt med Smør, Ost, Møsse-smør og Sirup...» skriv Schnitler i 1789. Då var det stas å eige eit slikt fat.

FOTO: HÅVARD SYLTE/ROMSDALSMUSEET

Romsdalsarkivet er bevart fleire ting frå livet til ein utru- leg dyktig mann.

BJØRN AUSTIGARD